

Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

Årsmelding frå styret 2016

Voss 31.01.2017

Styret:

Leiar: Ingmar Hårkla
Nestleiar: Nils Gjøstein
Kasserar: Åse Margrethe Kyte
Skrivar: Jan Olav Grevle
Styremedlemmer: Kristin Lemme, Odd Tverberg og grunneigarrepresentant Svein Kyte.
Vararepresentantar: Thor Hårkla og Selmar Traa

Revisor: Knut Kvamme og Gerd Møen.

Valnemd: Magnar Lemme; leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

I 2016 har det vore 10 styremøter, 1 grunneigarmøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt ein del arbeidsmøte.

Viktige hendingar:

Stor dugnad med skifergolv i Songveshytta heile ettermåltidet. Det same med uteområdet rundt hytta med mur og skantegrus. Skap, diskar og utstyr kom på plass. Målet var å få dette ferdig til opning av kulturstien. Allereie 20. mai innvia me hytta med dugnadsfest.

Alle tavlene til kulturstien kom på plass etter plan i vår, det same med resten av grusing. Knut Bakketun leia arbeidet med tavlene, og Svein hadde ansvaret for vegarbeidet. I tillegg var svært mange med på dugnad. Det var opning av den nyrestaurerte Kulturstien på Hedleberget 29.mai. Ordførar Hans Erik Ringkjøb opna stien ved å kløyva ei hella Jan Olav hadde førebudd. Kring 100 personar kom innom for å gå stien. Skiferhyttene var opne, og me hadde folk på Sigurdbenken, i Museet og i Fellesbrakka for å demonstrera og fortelja om skiferdrifta.

Grindbygg med nytt skifergolv er ferdigstilt. Det er også laga lydbu i grindbygg, her er ikkje skifertaket lagt. Me søker no om støtte til grindbygg til "kiosken". Målet er å få solide bygg, for å unngå å rigge haust og vår.

Dugnad. Totalt ca 600 timer på Songveshytta, kultursti, skogrydding og diverse.

I år byrja me for alvor med matservering, og til saman åtte lag var i Songveshytta for sommaravslutning, blåtur og utdrikkslag. Åse hadde ansvaret for organisering av dette. Stort sett var det grillmat som vart servert, og nokre gonger kjøpte me mat frå mellom anna Brandseth Fjellstove og Smalahovetunet. Me fekk gode tilbakemeldingar på dette.

I juni hadde me konsert med Daniel Kvammen i samarbeid med Ekstremsportveko, . I august var det Jonas Fjeld sin tur til å oppstre på utescena. Kring 460 personar tok turen, i øsande regn. No har me fått bevis på at det går an å arrangera utekonsert også i dårlig ver!

Mot slutten av året har me starta opp eit bokprosjekt saman med Jørn Lekve. Han er byrja samla inn historie frå tidlegare skiferarbeidarar/løyparar. Boka skal fortelja historien frå arbeidarsida. Prosjektet er avhengig av finansiering. Kalkyle og presentasjon av bokprosjektet er under utarbeiding.

Totalt har det vore ca 1200 personar på Hedleberget denne sommaren.

Åse Kyte er engasjert ein dag i veka i sesongen, for å ta imot tinging av omvisning, og organisere dette.

Det er søkt Innovasjon Norge om støtte til å lage avtaler med samarbeidspartnara med tanke på matservering, underhaldning, konsertar, blåturar, opne dagar, omvisningar, transport og liknande. Me fekk Utviklingstilskot på kr. 90.000 med eigenkapital krav på 26.000. Kristin Lemme har vore engasjert til denne oppgåva, i samarbeid med andre. Arbeidet pågår fortsatt.

I det samband har me inngått samarbeid med Voss Næringshage, der me mellom anna har fått god hjelp frå Sissel Mugaas Bjørkhaug. Me brukte to kveldar med Sissel som prosessleiar, der me diskuterte oss gjennom verdiar, visjon og mål for Hedleberget vidare inn i framtida.

Me har søkt og fått serveringsløyve og skjenkeløyve. I den forbindelse har tre personar tatt kurs og prøve slik krava er.

Samlingar me har delteke på:

15.april – LivOGLyst-samling

Grunneigarmøte 13. januar

Møte med Hordaland Fylkeskommune – Eirik Knive 26.august

2 samlingar med Næringshagen

Søknader innvilga i 2016:

Hordaland Fylkeskommune, Unike Regionale Utviklingsmidlar til grindbygg: 246 000,-

Voss Sparebank 20 000,- + annonse i Hordaland for 20 000,-

Gjensidigestiftinga 42 000,- til vidareutvikling kultursti.

Innovasjon Norge 90 000,-

Norsk Kulturminnefond 28 000,- til Songvehytta (sluttoppgjer)

Gjensidigestiftinga kultursti 8 000,- (sluttoppgjer)

For styret:

Ingmar Hårklaau
Ingmar Hårklaau

Nils Gjøstein Jan-Olav Grevle
Nils Gjøstein Jan Olav Grevle

Åse Kyte
Åse M. Kyte

Odd Tverberg
Odd Tverberg

Svein Kyte
Svein Kyte

Kristin Lemme
Kristin Lemme